



REKORD. Med rundt 300 gjester var det rekordoppmøte til representantskapsmøtet i Fiskebåtredernes Forbund i Oslo. Her er leiar Tore Roaldsen på talarstolen.



OVERREKKING. Juryleder Marius Holm i Bellona overrakte prisen til NOx-fondets styreleder Erling Øverland og daglig leder Geir Høyby.

Miljøpris til NOx-fond

PRIS. Næringslivets Nox-fond fikk Fiskebåtredernes Forbund sin miljøpris for 2010.

I begrunnelsen skriver juryen: «Havfiskeflåtens Miljøpris for 2010 går til en ny og konstruktiv måte å møte miljøutfordringer på. Til en ide om samarbeid og samvirke framfor tvang. Til en ordning som er til beste både for miljøet og de berørte arbeidsplassene. Til en måte å tenke på som utløser miljøtiltak.»

Nox-fondet er et spleiselag der bedriftene kan søke om støtte til utslippsreducerende tiltak. Betaling til fondet erstatter statlig NOx-avgift.

Siden etableringen av næringslivets NOx-fond er de norske utslippene av NOx redusert med 20.000 tonn. Nylig ble det inngått en ny miljøavtale med staten, der næringslivet forplikter seg til å redusere NOx utslippene ytterligere, med ytterligere 19.000 tonn fram til 2017.

Fryktar eldrebølgje

Fiskebåtreiarane fryktar ei eldrebølgje i fiskeflåten, og etterlyser meir strukturering.

Fiskeri. Havfiskeflåten har ein snittalder på 19 år, og blir stadig eldre. Difor er flåtefornyning eit hovudtema på representantskapsmøtet i Fiskebåtredernes Forbund i Oslo.

Fiskeriministeren vart utfordra til å svare på kva regjeringa gjer for å auke fornyingsevna. Svaret var forholdsvis vagt.

–Det aller viktigaste er å skape gode rammevilkår. Gode rammevilkår skaper grunnlag for lønsemd, som igjen gir økonomisk rom for at de fortløpande kan fornye båtar og utstyr, sa fiskeriminister Lisbeth Berg Hansen (Ap).

Meir konkrete tiltak. Fokuset på lønsemd fall i god jord, men fleire etterlyste meir konkrete tiltak.

– Eg sat og noterte flittig då du tala, men eg fann ikkje ein einaste ting som eg kan ta med heim, som gir grunnlag for fornying, sa fiskebåtreiar Agnar Lyng frå Måløy.

– Du tar ikkje problemet alvorleg nok. I dagens situasjon burde vi stått i kø for å kontrahere, sa Janne-Grete Aasland Strand, i Strand-reiarlaget i Ålesund.

Strukturering. Den påfølgande debatten handla i stor grad om strukturering av havfiskeflåten.

Sterkt behov for å leggje til rette for meir effektive og rasjonelle driftsformer for ringnot

SIGURD TEIGE

I eit forslag til vedtak frå styret stod det at det strukturordningane bør evaluerast på nytt gjennom ei høyring. Men for pelagisk sektor var evalueringa avgrensa til pelagisk trål, i forslaget.

Ringnotreiar Sigurd Teige frå Herøy foreslo at evalueringa skal gjelde heile pelagisk sektor, og dermed pirka han borti saka som første til 18 utmeldingar frå Fiskebåtredernes Forbund i haust.

Rasjonelle driftsformer. –Det er sterkt behov for å leggje til rette for meir effektive og rasjonelle driftsformer for ringnot. Det kan skje gjennom å auke basis-tonna, eller på andre måtar. Det er same kva ein kallar det, sa Teige.

Det var få som hadde innvendingar mot ein ny runde med kvotesamanslåingar. Men Aage Remøy, shipping- og tråltreiar frå Herøy, peika på at det ikkje

er automatikk mellom talet på kvotar på ein kjø, og lønsam drift.

–Eg har berre ei kvote og litt til, likevel oppnådde eg eit veldig bra resultat i fjor. Få heller vekk dei geografiske hindringane for samanslåingar mellom nord og sør, sa Remøy.

Omstridd påstand. Han leverte dagens mest omstridde påstand då han hevda at ein som jobbar på ein fullstrukturert ringnotbåt, har dobbelt så høg løn som ein sjømann på ein offshorbåt.

Litt finjusteringar i redaksjonsnemnda samla representantskapet seg om ei fråsegn der det står at Fiskeridepartementet må ta initiativ til å evaluere strukturkvoteordninga – utan å spesifisere nærmare kva for flåtegrupper dette skal gjelde.

SVEIN AAM
svein.aam@smp.no



GJESTER. Fiskeriminister Lisbeth Berg Hansen og utanriksminister Jonas Gahr Støre møtte fiskebåtreiarane.

Såg mot nord

UTANRIKS. Utanriksminister Jonas Gahr Støre avviser at han har gløymt fiskeria i si nordområdesatsing. – Fiskerinæringa står i sentrum av nordområdesatsinga. Slik har det vore, og slik vil det vere. Ei sunn fiskerinæring er ein føresetnad for at satsinga skal bere frukt, sa utanriksministeren

Semja om delelina i Barentshavet var eit viktig tema då utanriksministeren møtte fiskebåtreiarane.

Fiskebåtredernes Forbund har vore mellom dei få som har vore kritiske til det Norge har oppnådd. Jonas Gahr Støre framheva at avtalen gjer det muleg å halde fram det gode fiskerisamarbeidet med Russland gjennom den norsk-russiske fiskerikommisjonen.

– I det store og heile er arbeidet til denne kommisjonen ei lysande historie, sa Gahr Støre.

Utanriksministeren forsvarte også den omstridde smuttholavtalen som ga Island auka torsk kvotar på 90-talet. – Denne avtalen har bidrege til ei stabil og kontrollert fordeling av fiskeressursane, sa utanriksministeren, som rosa fiskarane.

– Nærværet til fiskeflåten i nordområda er med på å hevde vår suverenitet, sa han.

Skal tenkje nytt

Hans Kristian Amundsen har eit halvt år på seg til å få fiskerinæringa fram i lyset.

POLITIKK. Amundsen er den nye statssekretæren i Fiskeridepartementet, etter at Vidar Ulriksen vart bytta ut i midten av januar. Statssekretærskiftet kom overraskande.

–Det var eg som ba Ulriksen om å gå av, stadfestar fiskeriminister Lisbeth Berg Hansen (Ap) overfor Sunnmørsposten.

I staden ba ho sjefredaktøren

i Nordlys om å bli ny statssekretær.

Vil løfte. –Mitt store prosjekt er å løfte fiskerinæringa inn i det offentlege ordskiftet. Eg vil ikkje at dette området berre skal vere for nerdar. Næringa må tvingast til å tenkje annleis. Vi treng ein offensiv, og det skal vere Amundsen sin viktigaste jobb, seier fiskeriministeren.

Det spesielle er at Amundsen sit på oppseiing. Han skal over i statsministerens stab i juli.

–Dette har å gjere med behovet til den samla politiske



leiinga, seier Lisbeth Berg Hansen.

Første møte. Amundsen var i

NY MANN. Hans Kristian Amundsen - ny statssekretær inntil vidare.

går på sitt første møte i Fiskebåtredernes Forbund. – Det er mykje klar tale, og det likar eg, men eg skulle ønskje fleire var opptatt av å teikne eit bilete av oss som viktige matprodusentar. Det er eit gap mellom det sjømatnæringa betyr, og den posisjonen næringa har i den offentlege debatt. Vi er ei stormakt når det gjeld mat, seier Amundsen.

– Du har dårleg tid på deg? – Hugs at eg skal ta med meg alt eg lærer i fiskeridepartementet til Statsministerens kontor, seier Amundsen.